

Oppdraga frå bedriftene

<p>Gr.1 Vard Brattvåg</p>	<p>Vard Brattvaag har eit sterkt fokus på helse-, miljø og sikkerheit for alle som er i arbeid ved eller besøker verftet. Oppdraget er å utarbeide ein HMS-informasjon retta mot ungdom som kjem til verftet for første gong.</p> <p>Dersom elevane har tilgang til eit videokamera, kan dette vere ein måte å presentere dette på!</p>
<p>Gr.2 Haram Kom- mune</p>	<p><u>Oppdrag:</u> Velkomne til Haram kommune - utforming av velkomstareal og servicetorg i nytt kommunehus.</p> <p>Visualiser dette gjennom modell og/eller data.</p> <p><u>Bakgrunn for oppdraget:</u> Kommunestyret vurderer å bygge eit nytt kommunehus i Brattvåg.</p> <p>Om politikerne vedtar bygging:</p> <ul style="list-style-type: none">• Korleis bør eit moderne velkomstareal i eit kommunehus sjå ut?• Kva for funksjonar bør være i velkomstarealet (servicetorg, kantine/kafe, bibliotek, scene/amfi, anna)?• Kor bør eit kommunehus ligge?• Korleis ta hensyn til miljø og universiell utforming?
<p>Gr.3 Haram Næring og Innova- sjons- forum</p>	<p>Oppdrag: Planlegge og gjennomføre eit arrangement</p> <p>Gruppa skal lage til ein fotballskule. Det finnes mange fotballskuler rundt omkring i distriktet og gruppa må derfor tenke nytt og klare å skille seg ut med sitt tilbod.</p> <p>Gruppa skal lage invitasjon og påmelding – kven vil dei invitere og kvifor? Kor mange kan dei ha med?</p> <p>Lage til baneoppsett – korleis skal det sjå ut?</p> <p>Aktiviteter tilpassa aldersgrupper</p> <p>Varierte aktiviteter for alle adersgruppe</p> <p>Variasjon mellom sportsleg og sosialt</p> <p>Kart/skisse som synleggjer det dei tenke</p> <p>Prøv ut øvingane</p> <p>Det skal vere mogleg for deltakarne å sjå seg sjølv etterpå – bilete, video?</p> <p>Dette skal vere muleg å selge inn til Ravn IL som ein idè til den årlege Tine fotballskule. Det er derfor svært viktig at dei klarer å tenke nytt i forhold til kva som vert gjort i dag. Fotballskulen skal bli populær ikkje berre for spelarar på Ravn IL, men for spelarar frå heile distriktet/regionen.</p>

<p>O</p> <p>Gr.4 Aalesund oljeklede AS</p>	<p>1. Markedsundersøkelse av omdømmet/kjennskapen til/ kunnskapen om/ Aalesund Oljeklede AS i nærmiljøet og elles i Haram.</p> <p>Mål: Kartlegge kjennskapen til Aalesund Oljeklede AS Kva veit folket og bedriftene om oss?, både når det gjeld bekledning, antall ansatte, (forretningsområde/arbeidsoppgåver som design/utvikling/produksjon/salg/marketed osv...) Kva vi står for og kva vi leverer?</p> <p>2. Lage ei skisse på regntøy til ungdom</p> <p>Kva er det optimale regntøyet for ein ungdom? Kva skal til for å gjere regntøy meir trendy for ungdom?</p> <p>Mål: Lage ein modell/skisse med riktige detaljer og farge</p>
<p>Gr.5 IL Ravn</p>	<p>IL Ravn ønskjer å få alle i aktivitet. Å meistre sykling er ein helsebringande idrett som t.d. krev god balanse og koordinasjon.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Lag framlegg til ei todelt sykkelløype med enkle hindringar som t.d. bruer og ramper, til bruk for born og unge, i delar av unnarennet og sletta på hoppbakken. Ei løype for 5-6 åringar og ei for litt eldre ungar. Tenk materialbruk, kostnad og fokuser på enkle løysingar som er artige og utfordrande. Kom også med forslag til «kvileavdelingar»/sitjeplassar for foreldre som må ha tilsyn med dei minste ungane og kanskje ein gapahuk el.l. som kan brukast til å grille pølser i allslags ver. • Teikn løypene inn på eit kart og lag gjerne ei detaljert skisse som viser korleis de vil at løypa skal sjå ut. • Bygg gjerne ein fysisk modell med miniatyrutåver av løypene.
<p>Gr.6 Møre Hus AS</p>	<p><i>Møre Hus AS skal utforme ein rimeleg og tiltalende bustad, og treng dykkar hjelp for planlegging og illustrasjon av eit slikt prosjekt. Under har vi lista opp nokre stikkord som det er viktig at dykk vurderer i utforminga av bustaden.</i></p> <p><u>Storleik:</u> Arealet på bustaden må haldast nede, då dette også er med på å halde prisen nede. Bustaden som skal utformast skal vere ein einebustad.</p> <p><u>Innhald:</u> Det er eit minimumskrav at bustaden inneheld alle hovudfunksjonar (stove, kjøkken, soverom, vaskerom/bod, bad og toalett). Vi anbefaler at einebustaden skal innehalde 3 eller 4 soverom.</p> <p><u>Utsjånad:</u> Samtidig som bustaden skal utformast med fokus på kostnad, er tiltalende utforming eit viktig aspekt for at bustaden skal vere salgbar.</p>

	<p>Oppgåve:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Bustaden skal illustrerast med planteikning og fasadar. Inneing skal teiknast inn på planteikninga. • Val som vert tatt av gruppa skal grunngjevast og leggest ved. • Om tida strekk til ønskjer vi gjerne to eller tre forskjellige forslag. <p><i>Tips: Google SkettchUp (eller tilsvarende) er eit gratis teikneprogram ein kan laste ned frå nettet. Eit tips kan vere å studere ein introduksjonsvideo av dette programmet før ein går i gang. Dette kan gjere illustrasjon av planane betre.</i></p> <p><u>Kontaktpersonar på Møre Hus er:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Thomas Terøy, mob. 488 43 939, e-post: thomas@morehus.no • Svein Arne Skotheim, mob. 917 87 052, e-post: svein@morehus.no
<p>Gr.7 Vard Søviknes</p>	<p>Synleggjøre miljøgevinst for Vard Søviknes sine miljøretta tiltak i 2013.</p> <p>Vard Søviknes har investert i utstyr for å sortere og komprimere avfall for gjenvinning. Dette har ført til ein kraftig reduksjon i antall trailerlass med restavfall som ikkje kan nyttast og ei kraftig auke i gjenvinnbart avfall som kan nyttast til nye produkt.</p> <ul style="list-style-type: none"> • For å forbedre kildesortering treng vi tiltak: • Vi har 7 forskjellige sortar avfall og treng nye skilt så det blir sortert riktig. aluminium, stål, rustfritt stål, brennbart restavfall, restavfall til sortering, papp og plast, treverk. • plakater for å oppmuntre til å bli flinkare til å kildesortere, ha fokus på miljøgevinst. <p>Vi vil gjerne få synleggjort bruksområder for avfallet, og besparelsen for miljøet ved slik gjenbruk av ressursar.</p>

<p>Gr.8 Rolls- Royce Marine, Brattvåg</p>	<p style="text-align: center;">Rolls-Royce Marine Infomercial</p> <p>Rolls-Royce Marine (RRM) har en sterk tilstedeværelse i vår region, med interessante arbeidsplasser og høyteknologiske produkter som selges globalt. Vi ønsker at dette reklameres med en såkalt "infomercial", altså en video som er informativ og gir god PR. Med kreativitet og stilig redigering vil dere imponere deres oppdragsgiver.</p> <p>Følgende punkter bør filmen inneholde:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Generell introduksjon av RRM sitt virke i verden og på Sunnmøre - Få frem våre kjerneverdier. F.eks: RRM sitt motto er: "Trusted to deliver excellence" - Få frem at RRM er en komplett utstyrsleverandør for båter, med eksempler og info om våre produkter - Rolls-Royce Marin utvikler produkter for fremtiden <p>En god infomercial er ikke lenger enn 2-4 minutter, inneholder passende bakgrunnsmusikk og har gjerne en forteller eller fortellerstemme.</p> <p>Denne oppgaven vil være moro for en gruppe som er motivert for å jobbe med å jobbe kreativt med filmredigering og kommunikasjon. Dere vil få stilige bilder, brosjyrer og info fra oss i RRM som dere kan bruke i videoen. Om ønskelig vil dere også kunne få bruke en dag i våre nye lokaler på Nørve i Ålesund. Her har vi simulatorer og produkter til utstilling.</p>
<p>Gr.9 Vard Accommodation, Johangarden</p>	<p>Oppdraget går ut på løse eit problem bedrifta har:</p> <p>«Kort fortalt gjeng det ut på å finne ei løysing på nokre møbelhandtak vi har som lagar lyd/støy»</p>